



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
12/969-14/K1 - 234//LEM

Dato:
11.06.2015

Rapport den kulturelle spaserstokken 2014

Øygarden kommune søkte om pengar til 3 ulike tiltak – Førestillingar – Kreativitet som eldreomsorg /eldreveren – Kulturbustad/naust Ovågen.

Tiltak 1 – Førestillingar:

Blomvåg og Hjelme sokn arrangerte busstur til Modalen for eldre i Øygarden, der dei leigde inn artist til å underhalde i kyrkja. På turen deltok 50 pensjonistar.

På Tednebyggane omsorgssenter vart det arrangert 3 ulike tilstellingar der om lag 30 bebuarar og ca. 15 heimebuande seniorar møtte fram:

- Konsert med Geirr Lystrup. Her hadde artisten først øvd inn songar med 4. og 5. klasse på Rong skule som deretter møtte på omsorgssenteret og underheldt den eldre generasjon med song og allsang.
- Arne Mørch – allsang og underhaldning «minnenes melodier»
- Anita Heggholmen og Yngve Lyngmark – julekonsert m/allsang

Tiltak 2 – Kreativitet som eldreomsorg – eldreveren:

Her skreiv me i søknaden at skrivekurset ville starta opp i novemer 2014 og slutførast i september 2015. Status no er oppstart i august og slutført i oktober 2015.

Kurset skal haldast på Øygarden bibliotek og lærar er Odd Sætre. Dersom kurset vert ein suksess vil me halda fram i fleire år.

Tiltak 3 – Kulturbustad/naust, Kystmuseet i Ovågen:

Dette er ein samlingsplass i ein gamal /ny restaurert bustad og eit naust ved Kystmuseet. Her legg me opp til treff kor vedlikehald av levande minne er i fokus. Ønskjer å få til eit samarbeid/kombinasjon mellom deltakarane på skrivekurset. Me skreiv her i søknaden at starttidspunktet ville vera nov. 2014

Første møte vert i juni 2015 då det har teke noko tid å samla nok deltakarar.

Dette er også eit prosjekt me ønskjer å vidareføra i nokre år.

Alle tiltaka vert svært godt motteke av dei eldre i Øygarden så eg vil retta ein stor takk for løyvinga til Øygarden kommune. Dette gjer det mogeleg for oss å arrangera ulike arrangement til denne gruppa.

Med helsing

Liv Edel Mikkelsen
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur